



STIFTELSEN MUSEUM VEST  
Museumsvegen 9  
5337 RONG

Dato: 29.11.2017  
Vår ref.: 2017/8481-22  
Saksbehandlar: inggase  
Dykkar ref.:

Att. Stig Stark-Johansen

## Museumsløft 2017 - Museumslosen - en digital fellesløsning for museum - skolesamarbeidet - Underretning om vedtak

Vi viser til dykkar søknad om tilskot til Museumsløft 2017.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 25.10.2017, politisk sak 129/2017, handsama søknaden. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

Ved søknadsfristen 20.08.2017 var det kome inn 12 søknader. Samla søkesum var 3.427.000 kroner. Det er totalt 2 millionar kroner til fordeling under Museumsløft 2017.

### Grunngjeving:

Fylkesrådmannen vurderer at museet ikkje vert tilrådd midlar frå museumsløftet, då det vert tilrådd 200 000 frå kulturelt utviklingsprogram (KUP) for hausten 2017. Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Med avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritere strengt. Prioriteringa er gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekte retningslinjer. For oversikt over tildeling, sjå politisk vedtak og saksframlegg.

Politisk vedtak:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=10762&caseType=Protokoll&registryEntryId=468919>

Saksframlegg:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=10762&caseType=CasesFremlegg&registryEntryId=468919>

### Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen melding om vedtaket vart mottatt. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) merka *Klage –2017/8481-22*. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd  
Fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Irene Fredheim Kronen